

**Klarsignal for jakt på rådyr**

27.05.2011

**Kommunestyret har samrøystes gjeve klarsignal for jakt på rådyr, men etter forslag frå Endre Blokhus (Frp) vart det vedteke å utsetja fristen for å søkja om jakt med ein månad - til 15. juni.  
I Uskedalen har førebels hjortevaldet Øvre Feet-Musland søkt om fellingsløyve, men det er grunn til å tru at det no kjem fleire søknadar.**

Men det kom fram delte meiningar om jakta i kommunestyret. Blokhus sa at ei ei utsetjing av fristen ville stimulera til at fleire søkjer om felling. Men han trudde det er lite rådyr. Det er på kyrkjegardar dei først og fremst har vore.

Knut Prestnes (Sp) hadde registrert at nokon er meir plaga enn andre av rådyr som beiter. I indre luten er det til dømes få dyr og i Omvikdalen meiner dei at det ikkje er trong for jakt i det heile.. Men andre stader er det betydelege skader. Det er skadedyra som bør fellast og Prestnes ville helst ha utsett jakta med eitt år eller opna for jakt berre i den søndre delen av kommunen.

Øyvind Utne (H) var positiv til jakt i heile kommunen og det var også partifellen hans - Bjarne Berge. Han peika på at stammen veks raskt og var sikker på at den vil verte forvalta på ein god måte ettersom hjortelaga har vorte større. Berge såg i det heile på dette som eit positivt tiltak.

Det vart i debatten og peika på at ein ved jakt i eitt år vil få eit godt oversyn over stammen. Så no er dt berre å søkja...

av Ola Matti Mathisen